



Kviteseid kommune
Fellestenestene

Det kongelige kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Att. Ester Fjelleng

Dvkkar ref:
13/2041-3

Vår ref:
2013/113-8

Saksh:
Øystein Tveit,
35 06 81 41

Arkivkode:
210

Dato:
24.12.2013

oystein.tveit@kviteseid.kommune.no

Høring - Reduksjon i amortiseringstiden for premieavvik

Viser til tilsendte høringsbrev vedrørende reduksjon i amortiseringstida for premieavvik. Kviteseid kommune ønsker at heile ordninga med premieavvik burde vore avvikla, og at betalt premie burde komme fram som årets utgift. Vi meiner dagens ordning er et brudd med det finansielt orienterte kommuneregnskapet, og anordningsprinsippet, som er eit av dei grunnleggjande rekneskapsprinsippa i kommunalt regnskap. Det er pensjonspremien som er å ansjå som bruk av midler, og som skal først i bevilgningsrekneskapet i samsvar med arbeidskapitalprinsippet. Rekneskapsføring av premieavvik og seinare amortisering er ikke tilgang/avgang av midlar, og er i strid med arbeidskapitalprinsippet. Arbeidskapital som begrep blir dermed misvisande. Kviteseid kommune har opparbeida seg eit betydelig akkumulert premieavvik, og vi ser at det vil vere vanskeleg å fjerne dagens ordning utan at det får konsekvensar for tenestetilbodet.

Ei mulig løysing er som følgjer.

Fra 2015 går vi tilbake til å utgiftsføre innbetalt premie, og akkumulert premieavvik tom 2014 gjøres opp etter dagens regler dvs. 1 år evt. 10 og 15 år.

Alternativt at det vert arbeid med ei avvikling av ordninga.

Ei reduksjon i amortiseringstida vil føre til betydeleg innstramming i kommuneøkonomien.

Det store akkumulerte premieavviket er eit nasjonalt problem, som vi meiner staten må ta tak i.

Dagens regelverk er komplisert og etter vår meining kan dette føre til at det blir tatt politiske beslutninger på feil grunnlag. Netto driftsresultat ser betre ut enn det i virkeligheten er.

Som alternativ til vårt primære forslag om avvikling av gjeldande ordning vil vi gå inn for alternativ 1, reduksjon i amortiseringstida til 5 år.

Med helsing

Øystein Tveit
økonomisjef